

Høyringsuttale



Norsk Studentunion
-stiftet 1936 -

Thorvald Meyers gate 7, 0555Oslo
Tlf: 22044950. Fax: 22044969
E-mail: nsu@nsu.no
Web: www.nsu.no

Forvaltningsreforma - Forslag til nye oppgaver til det folkevalde regionale nivået

**Høyringsuttale frå
Norsk Studentunion**

Norsk Studentunion (NSU) takkar for at me vert spurt om å koma med innspel til høyringa om forvaltningsreforma. Det er derimot svært uheldig at ei mengd høyringsinstansar har falle ut, slik at desse institusjonane får ein svært begrensa moglegheit til å koma med kvalitativt gode høyringsuttaler.

NSU har valt å svara på delkapitla 3.3 og 3.4. Då det er desse som ligg innanfor vårt interessefelt. Det som ligg til grunn for vår uttale er at norsk høgare utdanning og forskning er eit nasjonalt ansvar.

3.3

NSU meiner at ein ikkje treng særskilte regionale forskingsfond. Det vil vera betre at eventuelle nye forskingsmidlar vert lagt til dei programma og finansieringsordningane ein alt har. Etter vår meining er ikkje den største utfordringa mangel på finansieringsordningar men heller mangel på midlar. Såleis er det bertre å ha få store fond som dekkjer mange område, enn mange små og spesialisera. Det er heller ikkje, etter vår meining, viktig kor forskinga skjer geografisk, det som betyr noko er kvaliteten på det som vert gjort.

3.4

NSU ser det som svært uheldig for utviklinga av dei statlege høgskulane, at ein på regionnivå skal velje to av representantane til styra. Det som er viktig for eit styre innanfor høgare utdanning, er at dei som sit i styra har god kjennskap til sektoren. Det er ikkje viktig kor styremedlemmane kjem frå, men at dei har kjennskap til kva som rører seg innanfor dei fagområda som den enkelte institusjonen har. NSU meiner såleis det viktigaste er at ein ved val av eksterne representantar legg vekt på institusjonane sine innspel.